

Avstandar til elektriske anlegg

Bømlo Kraftnett sine krav



Innhold

Planar om oppføring av bygg, lagar plassar m.m.	3
Ansvarleg for feil avstand.....	3
Typar høgspenlinjer.....	4
Blank høgspenlinje:.....	4
Isolasjonsbelagt høgspenlinje:.....	4
Isolert høgspen hengekabel:	4
Avstand frå høgspenlinjer til viktige bygningar (bustadhus, fritidsbustad m.m.)	5
Avstand frå høgspen til mindre viktige bygningar (garasje, uthus, etc.)	5
Avstand frå Høgspenlinjer til veg og parkeringsplassar	6
Avstand frå høgspenlinjer og terreng	6
Avstand frå kablar som ligg i bakken	7
Avstandar lågspen luftleidning	8

PLANAR OM OPPFØRING AV BYGG, LAGARPLASSAR M.M.

Direktoratet for sikkerhet og beredskap (DSB) skriv følgjande om avstandskrav til nettanlegg:

«Direktoratet for byggkvalitet (DiBK) har frå 01.07.2015 gjort endringar i byggesaksforskrifta slik at det i enkelte tilfelle er mogleg å byggje utan å søkje. Dette gjeld mellom anna for mindre tilbygg, garasjar under 50 m² o.l. For netteigarar kan dette føre til utfordringar der krava til minsteavstandar i FEF ikkje blir halde.»

Bømlo Kraftnett ber difor om at alle planar om oppføring av bygg, lagerplassar osb., samt etablering av vegar, som kan kome i nærleiken av byggeforbodssona, må avklarast med Bømlo Kraftnett AS. Denne avklaringa må gjerast før bygge-/anleggsarbeid startar.

Det er viktig at ein heilt i byrjinga av byggeprosessen avklarar forhold kring avstand til nettanlegg i området der bygget skal settast opp. Det er forskriftskrav om at avstandane til elektriske anlegg skal vera tilstrekkeleg til å unngå fare for allmenta og materielle verdiar. Bømlo Kraftnett har difor laga dette dokumentet som seier noko om avstandar som me meiner er med på sikre dette forskriftskravet. Avstandane er basert på tabellar i tidlegare versjon av forskrifter og anbefalingar frå bransjeorganisasjonen REN.

ANSVARLEG FOR FEIL AVSTAND

I dei tilfella at bygning, veg, lagerplass eller liknande er etablert **i etterkant** av det elektriske anlegget, er det tiltakshavar som er økonomisk ansvarleg for eventuell flytting/riving av bygg eller nettanlegg som ikkje tilfredsstillar minstekrava. Det er difor viktig at utbyggjar tar kontakt med Bømlo Kraftnett i forkant for å avklare avstandskrava. Det vil ofte vera rimelegare å ta omsyn til krava enn å byggje om/rive i etterkant.

TYPER HØGSPENTLINJER

Blank høgsentlinje:



Isolasjonsbelagt høgsentlinje:




Isolert høgsent hengekabel:



AVSTAND FRÅ HØGSPENTLINJER TIL VIKTIGE BYGNINGAR (BUSTADHUS, FRITIDSBUSTAD M.M.)

22kV linjer

Bygg som blir brukt til varig opphald skal ha ein horisontal avstand til næraste ytterfase på minimum **6m** til blank linje, **4m** til isolasjonsbelagt linje og **3m** til isolert hengekabel.




AVSTAND FRÅ HØGSPENT TIL MINDRE VIKTIGE BYGNINGAR (GARASJE, UTHUS, ETC.)

22kV linjer

Direkte avstand mellom bygging og næraste faselinje er normalt **5m** for blank linje, **4m** for isolasjonsbelagt linje og **3m** for hengekabel.


Bømlo kraftnett gir likevel løyve til kryssing over mindre viktige bygningar på inntil 50m² som ikkje brukast til bustadformål. Dette forutset at krav til direkte avstand er fulgt. Avstand mellom mindre viktig bygning og anna bygning må vera minimum 4m. For mindre garasjar med plass til inntil to bilar kan avstanden til viktig bygning reduserast til 2m.



AVSTAND FRÅ HØGSPENTLINJER TIL VEG OG PARKERINGSPLASSAR


Ved kryssing av veg, skogsveg og parkeringsplasser skal ein ha ei høgde opp til næraste faseleiar på minimum **7m**. Jordlinje eller andre leidningar som kan henge i stolpen skal ha ei minimumshøgde på **6m** over vegbana.

For høgspenlinjer som går langs veg skal ein ha ein vertikal avstand på minimum 2m mellom næraste faseleiar og vegkant.



AVSTAND FRÅ HØGSPENTLINJER OG TERRENG

Høgspenlinjer skal ha ein minimumsavstand opp til faselinje på **6m** ved blank linje, **6m** ved isolasjonsbelagt linje og **5m** ved isolert hengekabel. Jordlinje eller andre leidningar i stolpane skal ha ei minimumshøgde på **4m** over terreng. Andre høgder kan akseptast etter risikovurdering.



AVSTAND FRÅ KABLAR SOM LIGG I BAKKEN

Ved graving skal ein alltid først undersøke med kabeletatane om det ligg kablar i bakken. Dette er både for å ivareta tryggleiken til dei som grev med tanke på at det kan vera spenningsette kablar, men det er og for å unngå skade på viktig og kostbar infrastruktur.

Førespurdnad om graveløyve skal rettast til Bømlo Kraftnett AS, helst innan tre dagar før arbeidet skal settast i verk. Ta kontakt på firmapost@bomlo-kraftnett.no, telefon 53 42 89 30 eller kom innom kontoret vårt i Hollundsdalen 1.

Om førespurdnaden vert sendt elektronisk, må det ligga ved kart over graveområdet, og gjerne ei lita skildring av kva som skal gjerast.

For dei som nyttar tenestene til Geomatikk for søknad om graveløyve, vil Bømlo Kraftnett AS få oversendt, og handsama søknaden. Me vil likevel tilrå at det vert sendt ein kopi av førespurdnaden direkte til oss.

Det er generelt ikkje lov til å bygge over jordkablar, og det skal være ein byggefri sone på minimum 1 meter på kvar side av kabelen. Dette gjerast for å sikre tilgang dersom kabelen må gravast opp for feilretting. Dersom dette kravet må fråvikast, skal det alltid avklarast med Bømlo Kraftnett på førehand.

AVSTANDAR LÅGSPENT LUFTLEIDNING

Høgde over offentlig veg, **6m**

Høgde over terreng, **4m**, men ved innføring i bygningar kan høgde reduserast til **2,5m** i tilfelle der det ikkje går veg under leidningen.

Høgde over hustak, balkong, stillas skal ikkje vera mindre enn **2,5m**



Avstand til vegetasjon er normalt **0,5m**, men lauv og kvister kan vera borti leidning dersom det ikkje medfører mekanisk skade.

I bustadområde (ca. 200m frå bustadhus) med blanke lågspenlinjer må ein oppnå klatrefrie soner. Dette kan løysast som vist på figuren under.

